



Nelma og Lill i Topisa

Det er ni år sidan Lill Myklebust (39) frå Uskedalen, som no er kyrkjelydspedagog i Vik, kom heimatt frå si to år lange teneste som lærar for norske misjonærborn i Bolivia. Denne sommaren har ho vore attende i dette facinerande, høgtliggande landet i ein måned, saman med 17 år gamle Sandra Tvedt frå Herøysund. Dei var 20 timar i lufta både att og fram.

Bortsett frå prisoppgang registrerte ikkje Lill så store endringar i dagleglivet. Framleis er det mange fattige og skopussarane i La Paz var svært pågåande! Det gjorde inntrykk på Sandra at mødre med små born tagg på gata.

Men på toppen av samfunnet har det skjedd store ting. Den radikale indianaren Ewo Morales har teke over som president og det likar korkje dei konservative i landet eller president Bush i Washington DC. Men Morales er naturleg nok svært populær blant urfolka.

- Presidenten har grunn til å frykte for sitt liv, ikkje minst fordi han vi ta jorda frå dei rike og gje ho til dei fattige bøndene. Eg trur det er stille før stormen i Bolivia. Også presidentens nære samarbeid med Fidel Castro, som mellom anna har sendt lækjarar til landet, turrar dei konservative.
- Og så forsvarer han coca-produksjonen.
- Ja, han vil at dei fattige bøndene skal få halde fram med dyrkinga av coca. Coca er ikkje kokain, seier han. Han minner om at det skal 100 kilo coca til for å laga eitt gram kokain, gjennom ein kjemisk prosess.

Då ho arbeidde i Bolivia, vart Lill og ein ung dommar, Nelma Tito (no 41 år) svært gode vener. Nelma har sidan vore i Noreg og Uskedalen fire gonger, tre gonger på tre vekers ferie og tre månader som student ved Universitetet i Bergen. Då var det menneskjerettana ho tok føre seg.

Nelma starta som dommar på landsbygda, men etter kvart har ho vunne seg en posisjon og arbeider no som dommar i strafferett i byen Potosi. Valdtektar og bilsmugling er to brotsverk som går att. I fjor var Nelma utsending til ein stor konferanse i Costa Rica som representant for dommarane i Bolivia. Og visepresidenten,

som høyrer til det samme partiet som presidenten, kjenner ho godt. Nelma tener 85.000 kroner i året og der er bra i Bolivia.

Nelma, Lill og Sandra var mykje saman under uskedalinganes opphald i Bolivia og hadde store opplevingar. Først av alt nemner dei den 12.000 kvadratkilometer store saltsjøen El Salar de Uyuni der dei mellom anna overnatta i eit hotell bygd av salt og låg på sengar av salt.

- Saltsjøen er heilt uverkeleg, ein skulle tru den var dekt med is, seier Lill og Sandra.



Sandra ventar på soloppgongen over saltsjøen saman med Nelma og hennar dotter Julie..